

# Stjerne-Guro

**I 1964 kom første mann i verdensrommet, Jurij Gagarin, til UiB. Han kom som gjesten til den kvinnelege pioneren på Mat. nat, Guro Gjellestad.**

■ TEKST: HILDE K. KVALVAAG

Auditoriet var ikkje berre fullt, men folk stod trykka saman til utanfor døra då den sovjetiske kosmonauten Gagarin kom til geofysisk institutt i 1964. Jurij Gagarin vart det første menneske i verdensrommet då han 12. april 1961 vart sendt opp med Vostok 1. Etter si reise i rommet vart Gagarin verdskjend, og reiste mykje rundt som goodwill-ambassadør for Sovjetunionen.

– Det var som å ta i mot ein halvgud, seier professor emeritus Karsten Storetvedt om Gagarins besøk. Seansen vart leia av Guro Gjellestad, som sjølv var astrofysikar og jordmagnetikar og jobba med fysikken i det jordnære rommet. Gagarin forelas ved hjelp av tolk, og den russiske ambassadøren var også til stades. Gjellestad var i fyr og flamme under besøket, overvelda av det store frammøtet. Det hadde aldri før vore ei så stor samling med folk på Geofysisk institutt.



ROMFARAR: Jurij Gagarin, omkrinsa av kvinnelege tilhengjarar.

Utanlandske gjesteforelesarar var den gong ei ganske sjeldan storhending. Etter at ho vart dosent i 1959, hadde Guro nytta eitkvart høve til å invitere prominente forskarar til Bergen. Ho hadde fått kontakt med Gagarin via astrofysisk institutt ved Universitet i Oslo.

Utlendingane som kom vart nyttige for Gjellestad, som hadde møtt mykje skepsis då ho vart tilsett. Etterkvart endra dei mannlege kollegene synet på henne.

## Danka ut mennene

*Universitetet i Bergen i 1959:* I eit nyoppretta dosentur i jordmagnetisme og kosmisk fysikk ved Geofysisk institutt hadde den einaste kvinnelege søkaren utklassa dei fire mannlege rivalane. Dei samstemde anbefalingane frå bedømmingskomiteen vart motteke med overrasking. Den som fekk stillinga var Guro Gjellestad frå Magnetisk Byrå, og ho var berre cand. real i astrofysikk, med hovudfag på magnetiske stjerner. Men det skulle fort vise seg at Avdeling C hadde fått ein styrar som hadde «bein i nasen» og ikkje let seg stoppe av dåtidas mannsjåvinistiske haldningar, skriv professor Karsten Storetvedt. Astrofysikar Guro Gjellestad vart med dette første kvinne i ei toppstilling på Det matematisk-naturvitenskapelige fakultet: Ei sigarrøykande kvinne med kvalitetane som skulle til for å hamle opp med det svært mannsdominerte miljøet. Ho vart ein profil. *Dosenten* vart ho kalla, eller berre Guro. Sjølv no, nesten femti år etter hugsar fleire av kollegene henne svært godt.

## «Ein kjekk kar»

Jacqueline Naze Tjøtta var ung student på byrjinga av 1960-talet då Gjellestad leia avdeling C ved Geofysisk institutt. Ho fortel:

– Eg hugsar særleg ein gong vi prata med medarbeidarane hennar om korleis det var å vere kollega med henne, og då svara dei: Guro, ja, ho er ein grei kar.

For Guro var stor og kraftig. Ho gjekk som ein mann. I svart drakt og med brun dokumentmappe strena ho bortover Allégaten. – Ho var ei vi la merke til, fortel Tjøtta. Inntrykket blir stadfest av professor emeritus i geofysikk Arne Foldvik, som omtalar henne som markant, mannhaftig og firkanta, men ho var ikkje minst ei fin dame – spennande, varm og inkluderande. Kort sagt: «Ei veldig spesiell dame, men veldig grei å ha som sjef», det siste i følgje Karsten Storetvedt.

## Paleomagnetisme:

Guro Gjellestad etablerte fagfeltet paleomagnetisk forskning ved UiB. Det var det første senteret for slik forskingsverksemd i Norden. Paleomagnetisme er vitenskapen om magnetisering i bergartar – den «fossile» jordmagnetismen som kan sporast i dei fleste bergartar og som kan nyttast til å kartlegge magnetfeltet gjennom geologiske tidsrom. Denne vitenskapen vart grunnlaget for dei moderne synspunkta på jordas utvikling, og som med omgrepa kontinentaldrift, polvandring og havbunnspreiing kom til å revolusjonere dei geologisk-geofysiske faga på slutten av 1960-talet. Geofysisk institutt, avd. C, var til godt inn på 1970-talet den einaste institusjonen i Norden som ga undervisning og dreiv forskning innfor det nye «mobile» synet på jordas historie.



FRÅ FORSIKRINGSBRANSJEN: Guro Else Gjellestad vart fødd 11. august 1914 i Bergen. På grunn av økonomiske vanskar og familieplikter kom ho seint i gong med universitetsstudier. I ei rekke år arbeidde ho i eit forsikringselskap. Seinare gjekk ho til tops på Geofysisk institutt.

Guro Gjellestad budde saman med mor si på Nygårdshøyden.

– Mora var også ei imponerende dame, fortel Jacqueline Naze Tjøtta. Og forholdet mellom dei verka varmt.

Å vere kvinne på Det matematisk-naturvitenskapelige fakultet på tidleg 1960-tal var ikkje noko problem, meiner Tjøtta.

– Eg tenkte aldri over det, at eg var kvinne, seier ho.

Men Karsten Storetvedt som var hovudfagstudent ved Jordskjelvstasjonen/Geologisk institutt, og delvis student under Guro, fortel ei litt anna historie.

– Fakultetet var veldig mannsdominert på den tida, særleg dei etablerte geofysikarane og geologane var i dei første åra svært skeptiske til planane og aktivitetane hennar. Dei såg nok på ei sterk kvinne som noko merkeleg. Men det enda med at ho klarte å setje dei på plass, heller enn motsett.

### Sigar på 1. klasse

Gjellestad hadde blitt sterkt forseinka i si utdanning på grunn av krigen. Dette og andre forhold gjorde at ho først kunne avlegge naturvitenskapleg embetseksamen i 1950, 36 år gammal. Deretter gjekk karriera berre oppover. På byrjinga på av 1950-talet jobba ho med Fulbright stipend ved ulike astronomiske observatorier i USA. Og heilt frå ho vart tilsett som dosent ved UiB i 1959 hadde ho sterke band til universitet i utlandet, meir enn det som var vanleg den gongen.

Særleg hadde ho nær kontakt med University of Newcastle. Dette førte til studentutveksling og høve til å ta doktorgrad i utlandet for norske studenter. Gjellestad var kjend for å ta seg veldig godt av unge folk, og breidde vengene sine over dei. Ho ordna med rabattar over Nordsjøen med Det Bergenske Dampskipsselskap, og grupperreisene hennar kunne i blant komme opp i 15–20 personar. Ein time etter avgang frå Bergen kalla ho sine undersattar til samling i røykesalongen på 1. klasse. «Der satt hun i all hennes velde, med en sigar av stort format og et glass konjakk.»

### «Dette smaker av fugl»

Ho var kontroversiell i si tid, og det har disiplane hennar fortsett å vere. Kontroversiell var ho, ikkje så mykje på grunn av sine faglege bidrag, men fordi ho var ei kvinne som visste kva ho ville.

«Berre kom med forslaga dine, det skal ikkje stå på meg», bruka ho å seie til Karsten Storetvedt, som vart hennar første faglege disippel. Då han på eit internasjonalt møte i Newcastle i 1968 gjekk til frontalangrep på etablerte rutinar innanfor paleomagnetisk forskning og lanserte ny grunnlagstenking i faget, var Guro meir enn entusiastisk. «Dette smaker av fugl», sa ho, og hevda vidare at ho no hadde fått «ein gjøkunge i reiret». Men nytenkinga slutta ikkje med det. Alt året etter, i 1969, hadde Karsten Storetvedt vorten skeptisk til fleire grunnleggjande føresetnader i det nye synet på jorda.

– Fleire kritiske data let seg rett og slett ikkje «innordne» utan at ein måtte gripa til diverse «manipulasjonar» og ad hoc-løysingar, seier han.

Tjue år seinare lanserte han ein heilt ny jordteori.

– Guro hevda alltid at kritiske haldningar til data, og kreativt mot og ærlegdom var avgjerande føresetnader for viktige framsteg, seier Storetvedt.

«Vi må våge å si hva vi mener. Vi må ikke være reddharer», sa Gjellestad.

– Ho sette det i gang, men ho hadde nok blitt forskrekka over å finne ut kor djupt dette gjekk. At ein av hennar eigne hadde starta eit opprør mot konvensjonelle men ikkje-fungerande syn, såg ho på som ein stor personleg siger. Det siste offisielle Guro Gjellestad gjorde var å arrangere og administrere Storetvedts disputas i november 1969. Då hadde ho allereie vore sjuk lenge. Guro Else Gjellestad døyde i januar 1972, av strupekreft, berre 57 år gammal. ■